

Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Høyring om endringar i barnehagelova

Maurtua Barnehage ønskjer med dette å gje følgjande kommentarar til forslaga om endringar i barnehagelova.

1. Rett til barnehageplass.

Bømlo kommune har pr.dags dato nær full barnehagedekning for barn født 2002 og 2003. Barn født etter dette har ein noko venteliste på. Eit lovforslag som gjev foreldra rett til barnehageplass vil ikkje få for store konsekvensar for dei private barnehagane i Bømlo, dersom den planlagte utbygginga går greitt. Me ser også positivt på at me i Bømlo Kommune får lov å gjera opptaket av barna sjølv, og meiner at dette gjer drifta enklare og meir forutsigbar for oss. Me meiner også at dette sikrar barna å få plass i dei barnehagane dei helst vil gå i. Dette vil me gjerne halde fram med, og ser gjerne at lova støttar opp om dette. Syns at samordna opptak kan gjerast med rapporteringsplikt til kommunen over barn på venteliste.

2. Rammefinansiering av barnehagesektoren.

Me er generelt skeptisk til rammefinansiering, og er pr. i dag godt fornøyd med den finanseringsmodellen som er. Me meiner at finansiering av barnehagane fortsatt bør vera øyremerka tilskot pr.barn under 3 år og over 3 år. Dette gjev alle born same finansiering frå stat og kommune enten dei er private eller kommunale. Alle barnehagane i Bømlo kommune er private, og forutsigbarhet og mulighet for planleggjing er heilt sentralt for drifta av barnehagane. Med dei øyremerka tilskota me i dag får frå staten, har me denne økonomiske tryggleiken. Ei undersøking viser at 30 % av dei private barnehagane i dag går med underskot. Erfaring viser også at når kommunane skal fordela såkalla "øyremerka" midlar, så vil deler av desse i ein pressa situasjon gjerne gå med i den store potten til andre gode kommunale formål. Med ei slik finansiering vil truleg andel private barnehagar med underskot gå opp. Den gode kvaliteten som undersøkingar viser at barnehagane gjev til barn og foreldre, står då i fare for å bli redusert.

3. Kommunal finansiering av ikkje-kommunale barnehager.

Me meiner at det må vera lik økonomisk handsaming av barn i barnehagar, uansett kven som står som er eigar. At dette punktet no blir fjerna frå lova, vil nok gje store utslag for dei private barnehagane. For vår del har dette punktet vore med å sikra drifta, sjølv om tilskotet ikkje har vore forutsigbart frå år til år.

Maurtua Barnehage
Svanhild Holme
-styrar-